



Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal

Dato	FOR-2006-11-20-1742
Publisert	II 2011 hefte 5
Ikrafttredelse	01.01.2007
Gjelder for	Sykkylven kommune, Møre og Romsdal
Hjemmel	LOV-1974-05-31-17-§3, FOR-2004-06-01-931
Kunngjort	15.12.2011 kl. 14.40
Korttittel	Forskrift om VA-gebyr, Sykkylven

Innholdsfortegnelse

Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal	1
Innholdsfortegnelse	2
I. Generelle bestemmelser	3
II. Vass- og avløpsgebyr	4
III. Avsluttende bestemmelser	7

Heimel: Fastsett av Sykkylven kommunestyre 20. november 2006 med heimel i lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kapittel 16.

I. Generelle bestemmingar

Abonnentane betaler for vass- og avløpstenester levert av Sykkylven kommune. Tilhøvet mellom abonnenten og Sykkylven kommune er regulert av lover og forskrifter, samt av lokale reglement, vedtak, regulativ og deklarasjonar. Dette er dei viktigaste dokumenta:

1. Lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter.
2. Forskrift av 10. januar 1995 nr. 70 om kommunale vass- og avløpsgebyr, sist endra 13. juli 2000.
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Sykkylven kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument:
 - Gebyrregulativ
 - Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester
 - Gjeldande normalreglement for sanitæranlegg (tekniske og administrative bestemmingar).

§ 1. *Føremålet med denne forskrifta*

Forskrifta gir bestemmingar om utrekning og innbetaling av gebyra som abonnentane skal betale for vass- og avløpstenestene som Sykkylven kommune leverer.

§ 2. *Verkeområdet til forskrifta*

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen, sjå definisjon i § 3.

§ 3. *Definisjonar*

Abbonent:

- Person som eig eller festar eigedomar som er registrerte i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller med eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer eller eigedom som er organisert som burettslag skal kvar bueining vere ein abonnent), og som er tilknytte kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.

Dette gjeld òg personar som festar eigedomar der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festarane eig bygningane som er plasserte på tomte, og har festerett slik det går fram av lov om tomtfeste. For festeavtalar med kort festetid (feste til noko anna enn bustad og fritidsbustad), kan det avtalast at andre enn festaren skal vera abonnent.

- Person som eig eller festar eigedommar som kommunen har kravd at skal knytast til vass- og/eller avløpsleidning, i samsvar med plan- og bygningslova, § 65, § 66 og § 92.

Abonnementsgebyr:

Den faste delen av det årlege gebyret, som skal dekkje dei faste kostnadene for vass- og/eller avløpstenester. Med dei faste kostnadane er det meint leigekostnader for kommunale anlegg og avskrivning/renter på investeringar.

Berekna areal (BA):

Bruksareal (sjå nedanfor) som vert omrekna basert på Husbanken sitt regelverk med ulike faktorar for kjellar, hovudetasje og loft.

Bruksareal (BRA) etter NS-3940 (forenkla):

Bruksarealet omfattar

- alt areal innanfor veggane i bustaden, og
- den delen av fellesarealet som høyrer til bustaden, men som ligg utanfor veggane i bustaden. Sjå NS-3940

for detaljar.

Bruksendring:

Med endring i bruken av eigedommen er det her meint endring mellom ulike kategoriar, som til dømes bustad, fritidsbustad, eller næringsverksemd.

Eingongsgebyr for tilknytning:

Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstenester.

Felles privat stikkledning:

Ei privat ledning som abonnentar eig i fellesskap, og som er knytt til det kommunale leidningsnettet via ei felles privat stikkledning.

Forbruksgebyr:

Den variable delen av det årlege gebyret, som vert utrekna etter målt eller stipulert bruk.

Fritidsbustad/hytte:

Fast eigedom med hus som er regulerte eller godkjende til fritidsbustad/hytte.

Gebyrregulativet:

Prisoversikt for vass- og avløpsgebyr. Kvart år oppdaterer kommunestyret satsane i regulativet.

Næringsverksemd:

Inntektsgjevande verksemd.

Offentleg verksemd:

Verksemd som er driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

Stipulert forbruk:

Forventa forbruk hos ein abonnent med utgangspunkt i bygningsarealet. For abonnentar med vassmålar er stipulert forbruk basert på tidlegare målt forbruk.

Tenestedeclarasjon:

Dokument som skildrar kva rettar og plikter abonnentane og kommunen har. Dokumentet skal òg opplyse om kva som skjer når desse rettane og pliktene ikkje vert følgde, og korleis abonnentar kan klage på vedtak.

Årsgebyr:

Det samla årlege gebyret for abonnentar som brukar kommunale vass- og/eller avløpstenester. Årsgebyret er sett saman av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

II. Vass- og avløpsgebyr

§ 4. Gebyrtypar

Desse gebyrtypane gjeld for vass- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilknytning
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for mellombels tilknytning.

§ 5. Eingongsgebyr for tilknytning

Lov om kommunale vass- og avløpsgebyr krev at ein skal betale eingongsgebyr for tilknytning til vass- og/eller avløpstenester.

Eingongsgebyra skal betalast for eigedomar med bygningar på, eller ved første gongs oppføring av bygg som blir knytte til offentlig vass- og/eller avløpsnett.

Eingongsgebyra skal vere lik for alle abonnentar og skal betalast ved første gongs tilknytning.

Kommunestyret fastset kvart år kor store gebyra skal vere, og dette kjem fram av gebyrregulativet.

Kommunen kan fastsette avvikande eingongsgebyr for tilknytning når tilknyttinga krev ekstra høge eller låge kostnader.

§ 6. Årsgebyr

Årsgebyra for vass- og avløpstenester skal betalast av alle abonnentane og er sett saman av to delar:

- Abonnementsgebyr
- Forbruksgebyr

Dei samla abonnementsgebyra for vasstenester skal dekke dei faste kostnadene Sykkylven kommune ventar seg knytt til vasstenester. Resten blir dekt av forbruksgebyra.

Dei samla abonnementsgebyra for avløpstenester skal dekke dei faste kostnadene Sykkylven kommune ventar seg knytt til avløpstenester. Resten blir dekt av forbruksgebyra.

Årsgebyra skal reknast frå og med månaden etter at eigedomen er knytt til det kommunale leidningsnettet.

Kommunestyret fastset kvart år kor store abonnementsgebyra og forbruksgebyra skal vere. Dette kjem fram av gebyrregulativet.

Abonnementsgebyr

Alle abonnentane betaler ein like stor fast sum, som kjem fram av gebyrregulativet.

Forbruksgebyr

Abonentane betaler etter faktisk vassforbruk. Abonnentar som ikkje har fått installert vassmålar, betaler etter stipulert forbruk etter utrekning av areal, innplassering i arealtrinn og pris pr. m³. For bustader skal det nyttast berekna areal medan det for alle andre typar bygg skal nyttast bruksareal. Omrekningsfaktor for stipulert forbruk [m³ /m²] er definert i gebyrregulativet.

Alle nye bygningar og bygningar med berekna areal/bruksareal større enn fastsett i gebyrregulativet skal ha vassmålar og betale forbruksgebyr for vatn og/eller avløp etter målt vassforbruk.

For alle abonnentane gjeld hovudregelen at avløpsmengde blir rekna lik vassmengde, men kfr. dessutan § 8 for eventuelt unntak.

Dersom forskrifta ikkje krev installering av vassmålar, kan både kommunen og abonnenten krevje at forbruksgebyra blir fastsett ut frå målt forbruk.

Abonnet som har installert målar, kan ikkje krevje abonnementet endra til betaling etter stipulert forbruk.

§ 7. Vassmålar

Vassmålaren er Sykkylven kommune sin eigedom. Kommunen kan bestemme type, plassering og storleik på målaren, som skal tilpassast forbruket.

Det skal normalt berre vere ei tilknytning for kvar eigedom. Dersom ein eigedom har fleire tilknyttingar, skal kvar tilknytning ha eigen målar. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkomande.

Kostnad med kjøp og installasjon av vassmålar som skal nyttast som grunnlag for utrekning av årsgebyr, vert dekt av kommunen.

Kjøp og installasjon av vassmålarar utover skal dette skal dekkast av abonnenten. Abonnenten skal også dekke kostnader med ev. flytting av vassmålaren.

Installasjonen skal gjerast av godkjend røyrløggjar i samsvar med gjeldande reglement. Etter at målareren er montert, skal han plomberast av kommunen, eller av godkjend røyrløggjar.

Vassmålaren skal avlesast minst ein gong i året. Abonnten har ansvaret for denne avlesinga, og for å melde frå innan fristen som er sett.

Dersom avlesinga av vassmålaren ikkje vert gjort innan fristen, eller dersom kommunen ikkje får melding om denne avlesinga innan fristen, blir det årlege forbruket stipulert. Kommunen kan eventuelt velje å lese av forbruket for abonnentens rekning (avlesingsgebyr). Avlesingsgebyret blir fastsett av kommunen og blir gjort kjent i gebyrregulativet.

Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla dato og tid. Vassmålaren må ha ei plassering som gjer at det er lett tilkomst for avlesing.

Både kommunen og abonnenten kan krevje kontroll av målareren. Kommunen avgjer om kontrollen skal gjerast av kommunen eller ved ekstern kontrollinstans. Kommunen dekkjer kostnadane ved kontrollen. Krev abonnenten ytterlegare kontroll av målareren, skal abonnenten bere kostnadane ved slik kontroll dersom testresultatet ligg innanfor ein feilmargen på 5 %. I motsett fall dekkjer kommunen kostnadane.

Dersom målareren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunktet det kan reknast med at feilen har oppstått. Krav som er forelda etter reglane om foreldelse av fordringar, vert ikkje dekt. Viser målareren meir enn 5 % for lavt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarande reglar.

Når vassmålar er montert, kan han ikkje fjernast utan kommunens samtykke.

Vassmålar skal plasserast frostsikkert.

Dersom ein målar som er i bruk vert skada, skal abonnenten med ein gong melde frå til kommunen. Plomberte målarar kan berre bli opna av kommunen, eller under oppsyn av kommunen. Dersom ei plumbe er broten, vert vassforbruket for den terminen sett til fire gonger forventta forbruk.

For installasjon og bruk av vassmålarar gjeld elles dei kommunale tekniske vedtektene.

§ 8. Avvik i årsgebyra

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan ein basere forbruksgebyra for avløp på målt eller stipulert/utrekna avløpsmengd (utslepp).

I noko næringsverksemd og offentleg verksemd er avløpsvatnet svært ulikt det ein finn i vanlege hushald, og det verkar slik fordyrande eller sparande på drift og vedlikehald av kommunale avløpsanlegg. Det kan i slike tilfelle reknast ut eit påslag/frådrag til forbruksgebyra for avløp basert på ekstrautgiftene/sparinga ein kan vente seg.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp, gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra. Det som gjev grunnlag for reduksjon av gebyra kjem fram av vedtekne *Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpsstenester* i Sykkylven kommune.

§ 9. Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning gjeld for arbeidsbrakker og andre bygg av mellombels art med innlagt vatn og/eller er tilknytt kommunalt avløp, som berre skal brukast i ei avgrensa periode. Mellombels tilknytning gjeld for opp til eitt år, men ein kan søkje om forlenging.

Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilknytning, men alle kostnadene med tilknytning og fråkopling blir lagde på eigaren eller festaren av eigedomen.

Eigar eller festar av eigedomen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar, rekna ut i samsvar med den tida tilknytninga gjeld. Storleiken på gebyra kjem fram av gebyrregulativet.

Det skal betalast eingongsgebyr for tilknytning dersom ein opprettheld tilknytninga utover kommunen si godkjenning for mellombels tilknytning.

Kommunen kan avtale pris i enkeltstående tilfelle med basis i prisane frå gebyrregulativet.

Alle tilknytningar og fråkoplingar krev rørleggarmelding.

For andre forhold om mellombels tilknytning til kommunalt vatn og avløp, gjeld dei same administrative og tekniske bestemmingar som for permanent tilknytning.

§ 10. Pålegg om utbetring

Kommunen kan gje abonnenten eit pålegg om å utbetre eigne avløpsanlegg innan ein frist, jamfør forureiningslova § 7. I samsvar med forureiningslova § 73 kan ein pålegge forureiningsgebyr dersom forholdet ikkje er utbetra når fristen er gått ut. Dersom den ansvarlige ikkje gjer som pålegget seier, kan kommunen sette i verk desse tiltaka, jamfør forureiningslova § 74.

Kommunen kan be abonnenten om å utbetre eigne drikkevassanlegg innan ein frist, som grunnlag for å kunne fastsette vassforbruket. Dersom forholdet ikkje er utbetra når fristen er utgått, blir det årlege forbruket stipulert.

§ 11. Innbetaling av gebyr

Abonnenten har ansvaret for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknytning til abonnenten snarast etter at igangsettingsløyve (byggeløyve) blir gjeve, eller når eksisterande bygg blir kopla til kommunale leidningar. Eingongsgebyra for tilknytning forfell til betaling seinast ved tilknytning.

Abonnementsgebyra og forbruksgebyra blir kravd inn i samsvar med gebyrregulativet.

Gebyr for mellombels tilknytning blir fakturert særskilt.

For eigedomar med vassmålar skal forbruksgebyra betalast à konto basert på fjoråret sitt forbruk.

Dersom abonnenten sitt vassforbruk har endra seg vesentleg frå siste målaravlesinga, kan à konto – summen endrast. Abonnenten skal bli varsla før slike endringar.

Etter søknad kan Sykkylven kommune gje fritak for årsgebyra når gebyrpliktig eigedom blir kopla frå det kommunale leidningsnettet. Ved godkjent søknad om fritak blir abonnementet avslutta når ein mottek melding om at tilknytingspunktet er plombert. Ny tilknytning av eigedomen krev ikkje nye eingongsgebyr for tilknytning. Kostnadene ved fråkopling og ny tilknytning må abonnenten dekkje. Arbeidet skal utførast etter kommunale tilvisningar.

III. Avsluttande bestemmingar

§ 12. Innkrevjing av gebyr

Forfalne krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter lov om pant § 6-1. Sykkylven kommune kan krevje inn gebyra etter regler for innkrevjing av eigedomsskatt.

§ 13. Vedtaksmynde

Vedtak etter denne forskrifta blir fatta av kommunen.

Kommunen kan gjere mindre redaksjonelle endringar i forskrifta utan ny politisk handsaming.

Kommunen sitt mynde etter denne forskrifta kan delegerast.

§ 14. Klage

Avgjerder etter forskrifta som er enkeltvedtak følgjer forvaltningslova kapittel IV-VI og kan påklagast. Klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra er forskrifter, og vert vedtekne av Sykkylven kommunestyre, jamfør forvaltningslova kapittel VII.

§ 15. Iverksetjing

Forskriftene blir sette i verk 1. januar 2007.